Førsteblad

I

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kvam

Emne: Giftefærdig Ungdom | Bygdelag: Øystese

Oppskr. av: Jakob H. Vik | Gard: Vik

(adresse): Øystese | G.nr. 42 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Etter farsystermann: Sjur L. Øystese f. 1863. og etter Far, f 1860 og Godfar f 1826.

SVAR

1 Det var vanlegt, men ved å granska altarbøker og ymse slekter so synes det seg at frå 1750–1900 so har det vore omlag 1 giftarmål for året i medeltal millom Vikøy og Øystese kyrkjesokner i Kvam Herad d.v.s. omlag 150 ektesskap med ein frå kvar sokn i 150 år.

Ellest fyrekom det einskilde giftarmål med eine parten frå andre bygder. I eldre tid reiste dei frå Hardanger til Bergen, Haugesund og Stavanger med seglfartøy og robåtar. I storm og uver vart dei liggjande verfaste ymse stader. Soleis vart Jørgen Freim frå Odda liggjande verfast i austavind på Kvamsøy utfor Rykkje i kring 1848–50. Ein dag rodde dei beint til Rykkje. Han vart kjend med ei jordagjenta der. Vart kjærasta og giftest og alti sit på garden endå. Ein Jørgen S. Rykkje bur no på garden nærast Fyksesundbrui på vest og sørsida til Fyksesundsbrui. I 1848 var bruket heime i Rykkjetunet.

Vart utskift og flytt i 1910.

14588

14588

2

Gomor Skåre, - mor-mor mi var frå
Søgne ved Kristiansand S. Ho tente
hjå bror sin i Skudesnes. Gofar Skåre,
min morfar, hadde farty og reiste
med lands varer sörover. Han vart
kjend med Rakel Sörensdotter Lunde
i Skudesnes. Dei vart gifte der
og ho fylgde mannen heim til Skåre
i Fyksesund på skøyta. Det var i
1856. Han var född i 1826 ho i 1828.

2

Dei såg mykje på at ektemaken
var av bra folk. Då var det bra.
I krigens år 1807-1814 var det ein
soldat frå Nesthus i Kvam som
vart kjend med ei husmansdotter
burtpå austlandet, der soldatane
var lagra. Dei vart trulova. Dei
kunde både skriva og skreiv til kvar-
andre. Etter krigen vart dei gifte.
Soldaten var jordagut, hadde rett
på garden Nesthus, men foreldre
let han ikkje få garden sedan
ho var dotter til ein husmann.
Han fekk byggsla eit stykke av
garden og var husmann heile
livet. Ei dotter Lina Fagot vart gift
i Ryfylke og ein ætling etter
henne er historiegranskaren
Ola Berge i Stavanger.
Han har ein bringklut etter
oldemor si. Bringklutane vart
avstiva inni med stiff papir.
I eit hol etter molen (Mållett)
har han sett at det er eit

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2



Kjærleiksbrev frå trulovingstidi
1808–14, som er nytta inni
denne bringkluten. Men han har
ikkje sprett opp bringkluten for
å lesa brevet.
Han har fortalt meg dette.

3.
Ja, men var det mange døtter
i ein heim laut dei gjerne gifta
seg med ein husmann, dersom
dei ikkje fekk ein jordamann
som hadde gard.
Ho Malla Krakalidi var
gardmansdotter og vart gift med
Svein Krakalidi. Han var då
sjømann. Men det gjekk ikkje
noko lenn. So vart han husmann
atter faren i Krakalidi. Dei ol
dei opp 6 gutar og 2 gjenter.
Alle flinke arbeidsfolk. x)
Ein dag for omlag 50 år sidan
var ho Malla Krakalidi på
Mo og baka flatbrød ilag
med Bernhilda Åsen.
Då so ho Malla:
„Du Bernhilda var no husmans=
„dotter, men eg var gardmans-
„dotter, so eg måtte stiga
„eit trin ned då eg gifte meg.
Slik var synet ikring 1900.

4 Det var omlag likt for gutar
og gjenter. Men det var ymse
foreldre som var flinkare
å få plassert borni sine godt

5
Ja ofte.

x) Etter yngste son deira har eg skrive opp
Husmansminne.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14588

6
Ja. og dei rekna ofte med ei
klara slekt. At dei var av godt
folk.
7
Ja. Han gamle Måns-Ola
på Gysbsi skadde 7 døtter.
Han gifte dei burt alle 7.
Den som var minst vakker (vakker)
fekk garden på Gysbsi. Ein
stor og god gard.
Den vakraste vart gift med
Ola E Saldal - i si tid rikaste
mannen i bygdi.
Ei vart gift med Mikjel O Laupsa.
Han forfalde sjølv til sonasonen
sin Mikjel O Laupsa i 1887 dette:
„Ein dag eg var til Kyrkja ~~som~~ so
„kom han gamle Måns Ola til meg
„etter preiki og sa: Du får fylgja
„meg medom Kyrkja. Han so
„gjordi. Då sa han: Eg han
„etla deg na Anna^1817–1901^ dotter mi
„til kona åt deg. Ho er ei god
„gjenta som Ola vil verta vel
„hjelpen med. Du får tenkja
„på det." Han so gjordi. Tala
med gjenta. Dei vart trulova
og gifte. Dei livde lukkeleg
saman i over 59 år.
8
Heimeskok er godt kjent.
Det var når tvo systkenn
gifte seg med tvo andre systkenn
Det er fleire slike dømi i vår
bygd. I 1927 var eg sjølv i
eit sovore brudlaup i Klyve

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

der 2 par heldt brudlaup
same dagen. Men ofte so
heldt dei brudlaup kvar for
seg, og var det ulik alder so
var det gjerne fleire år millom.
9.

Det kunde vera for å halda på
midelen eller å auka den.
Men skyldfolk hadde for vis
å reisa på gjesna til slekti
vår og haust. Var det so giftefundig ungdom i heimen so
kom dei saman, vart kjende
og sidan trulova og gifte.
Det var ogso til styrke for ætti.
Det er serleg einskilde ætter som
har so sterk ættarkjensle.
10

Tremenningar og firmenningar
gjekk svært godt. Var det
syskinnborn so var dei meir
varsame, serleg om det var
ein veikskap i slekti. Dei
var redde at veikskapen
kunde få sterkare utslag
ved giftarmål millom syskinnborn. Serleg var dei redde for
sinnsjukdom. Dei hadde fleire
døme på korleis denne sjukdomen
utarta. Dette er fortalt av
godfar (farfar) min f. 1826 død
1930 = 103 2/3 år gamal.
11

Nei, det var likt.
12

Ja. Godfar min f. 1826 og bror
hans hadde fordøi ell… til 2 syster…

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

til kone. Den eine skulde få garden og den andre skulde koma til Vik som gardkona. Men båe gutane lika ikkje gjentene. Dei vart då samde om å gjera trulovingi ominkje.
Ein kveld tok dei med seg fyrstegåvena, gjikk til Skålheim og slo opp, eller fekk trulovengi gjort om ikkje.
„Eg har aldri gått so lett heimetter Ståena som den kvelden". Sa han Godfar. Sidan spurde dei ikkje foreldri, men båe fekk seg gode gilde ektemakar og levde vel og lukkelegt ihop i mange år.

13.

Nei.

14

Ja, det var stundom at skydsfolk hjelpte til.

15.

Ukjennt, men det var ofte at unggutane gjorde pretta for friaren, t.d. drog båten oppe ein åker, eller oppi tunet o l

16

Nei.

17.

Ja. Husmenn og strandsitjarar.

18.

Enkjer stod friare, men dei var so etterspurde at dei trong ikkje fria sjølve. Har høyrt at det var ordna med ny mann, før den fyrste var komen på kyrkjegarden.

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19

Ja. og det hendi at dei valde enkjor med gard eller eldre gjenter med eindel pengar, men det var no undantak.
Ikring 1700 var det ein 25 års gut som gifte seg med enkja på Sandven
Ho hadde noko døtre som alle var eldre enn 25 år.
Om noko år døydde kona.
Då gifte mannen seg oppatt i 1715 med ei ung gjenta og fekk ein heile flokk born 8 i alt.
Eit anna døme frå 1860 åri.
Odelsguten på ein bra gard vilde ikkje overtaka farsgarden då det var so stor skuld. Odelsguten hadde stor lærehug og vilde på lærarskule. Han fekk då veta om ei eldre gjenta lenger inne i fjorden som hadde bra med pengar.
Han fria, fekk ja, gifte seg og reiste på lærarskule. Kona var med og koka mat og stelte huset.
Han vart ein utepå flink lærar ein av dei beste i bygdi på lange tider.
Då han gifte seg var han 23 år
Ho var 42 år.

20

Som smågut høyrde eg av tenestgjentene våre at dei fortalde om korleis ein kunde få få sjå den som skulde verta mann, men eg minnest ikkje dette so at eg kan gjeva det att.

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

22
At det var overtru

23
Ja. Og kunde det nokre gonger so tok folk seg tankar og laga eit parfolk av dei.

# II

## Nattefriing

24
Ikring 1910 – 1915.

25
Han gjekk på tusko.

26.
Mykje av gutane gjekk på tusko. Men vart det meir alvor eller meining med det so sa folk at han er på frierì.

27
Dei kunde vera 1. 2. 3 og opptil 4-5 ilag

28
Ja.

29
Dei kunde vera frå ein gard og frå 2 eller 3 gardar etter som det hövde.

30.
Ja.

31
Nei. det var som regel på laurdagskveldane, og so i dei store högtidene – Jol- påske og kvitsunhelg.

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5.



~~31~~ 32
Ja.

33
Ja, dei gjekk saman.

34
Fredagskveldane hadde tenestgjentene fri etter at dei var ferdige med fjøsstellet. Etter kveldsmaten reiste dei då til Soteveitla.

35
Ja laurdagskveldane sjå svar 31.

36 Ja, det sømde seg ikkje i veka mellom palmesundag og påskedag, eller når det låg lik på garden.

37
Ja det var so ymse.

38
Ja dei prøvde det. Men var gjenta trulova i løynd so let ho ikkje opp sjølv om den rette var med i flokken. Men ei stund etter skilde gjengen lag og han reiste åleine attende til gjenta. Då kom han inn.

39
Nei ikkje om det, men eg høyre eit vers i 1898 av ein som hadde vore på tusko og so kom ei gomal gjenta og jaga dei vekk. Dei song verset med tone:
So høgheden opprunden er.
„Pao Haugasund dar bur ei taus.
„ho a so lita so ei mus
„ho fare dar å trippa

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„Å gutar å dar utan tal,
„dei fare dar i kvar ein sal;
„men ein so bare gose.
„Men ho, Gamlo,
„Halt og hinkja,
„grann og spinkja.
„Kjame nakja
„Ut å spyre koen
„So braka."

40

Ja.

41

Som regel so rekna dei med dette som sjølsagt.

42

Det var so ymse.
Einskil let opp med eingong.
Andre gjorde seg meir kostbare,
og andre let ikkje opp anna for den eine

43

Ofte hadde dei ingen ting, men i dei store högtidene hadde dei gjerne ei flaska brennevin i lumma

44

I joli hadde gutene ofte brennevin, neter og kringle.

45

Kjenner ikkje til det.

46

Det var so ymse
Hadde dei store planar, var det å koma inn, prata litt å fara vidare.
Var dei kome på ein plass so stogga dei litt lenger.

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. 

~~4~~ 47.

Som regel ikkje.

48

Han kom etter at flokken var gjengen, eller ein annan kveld.

49

Ja.

50

Likitil giftarmålet.

51

Ho kunde gjeva han eit klokkeband laga av hennar eige hår. Eller eit par ūtsauma bukse-selar, ei liti rūnd sydd pūta til å hengja lummeklokka på o.l.
Han kunde gjeva henne ein spegel, ei bok, ei öskja til å ha syljer i o.l.

52.

Når flokken fekk vita at ein gūt berre gjekk til ei gjenta so laga strögde dei sagmjöl frå heimen hans til der gjenta var. Stūndom heldt dei bjölleleik ettupå men ikkje alltid

53

Det var gūtane i grendi, eller i grendene i nærleiken

54

Nokre vart harme og sinna. Andre tok det med godt hūmör og takka for at dei hadde omsūt for dei. Andre var tidleg oppe og sopa sagmjölet vekk eit

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

stykke frå huset, slik at det kunde villeia ukjende folk

55

Ja det var ogso so ymse omlag som svaret til sp. nr 54.

56.

Ofte var det slik, men det førte ogso til at det vart heilt slutt etter strøgingi. I dei fleste tilfelle vart dei då offentleg trulova.

57.

Då kom friaren som regel åleine, men stundom kunde han ha sin beste ven med.

## III

Andre måtar som førde ungdomen saman slik at dei lærde kvarandre å kjenna.

58

Som regel ikkje, utan dei hadde eit sers ærend.

59

Ikkje vanlegt kyrkjesundagar.

60

Ikkje vanlegt. Det kunde vera ei hagtrøskeig eller preiki, når dei åt nista før dei tok på heimveg.

61

Regelen var at guitane tok opptakst, men som

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7 13

undantak, når guten var flau og lite tiltak i, so kunde nok gjenta ta saki i eigi hand og fekk trulovingi ordna.

62.

Det hadde dei nok, men eg har aldri haurt noko seie men dei kunde no gjera ei sers beina åt vedkomande slik at berre den ho hadde godt auga til merkte det.

63

Nei.

64

Ja. Midt millom Porsmyr og Ofjorden-kyrkja er Bolna-Kelli. Det er ein kjeldre attmed vegen. Der kunde dei setja seg i regnver og kvila og eta niesta si. Då hadde dei ingi høve å samlast i ein under og prata saman og gantast o.m.m og vart soleis kjende med ungdomar frå andre grender som gjekk same vegen.

65

Nei ikkje som eg har haurt

66

Ikkje anna i brudlaup etter av paret er vigde i kyrkja, då var det gjerne litt dans attmed kalstøde medan gjestene

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fekk mat og drikka før
dei tok på heimvegen og
kappriingi tok til.

## B. Gjestebod med døve.

67
Vanleg gjestebod i jolehelgi
So var det gamal sedvane
å reisa på gjesting til
nære slektningar tvo gonger
for året, vår og haust.
Til meir fjerne slektningar
ein gong for året.
I barnedåp var det berre
dei næraste slektningar og
fadrane som var med.
Det kunde vera undantak
med stort gilde, dersom
jordaguten kom etter ein
heil flokk gjenter. Då var
det ekstra stas.
I gravferd var det faste
visse reglar. Dei bad slekt
og alle i tunet der dei var
og so eit eller tvo frå kvart
bruk i dei andre tuni på
garden.
På store gardar var det
ofte 2 og tre tun.
68
Ved bordsata sat dei eldre
mennene ved langbordet. d.v.s
alle gifte mannfolk.
Konene, dvs dei gifte kvinner

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sal med tverbordet langs glaset. Ungdomen sal med tverbordet langs övre veggen. Var det ikkje plass åt ungdomen i storstova fekk dei plass i kårstova og det lika dei svært godt. Då vart det liv og hugnad. Sjølv i i gravferd.

69.
Det laga seg sjølv. Det var gjerne ein som tok på seg å ordna det, men kor aldri kunde dei drøg til om det.

70
Det er 60-70 år sidan det var slutt i vår bygd, men i Granvin er den i bruk endå.
Sjå Hardangerfol for 1958 der er eit brudlaups skildra av Svein Hovet.

71
Veit ikkje

72
Ukjennt.

73
Dei malte drekka av same ølskanken eller kjenga.

## C. Andre höve

74.
Ja, som oftast
Var det husteikking ~~da~~ so var det som regel

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dans etterpå

75 Det kjenner eg ikkje til

76 Nei

77 Tull heilt

78 - Ja, men det var berre ungdomar som skipa det til.

79 Har ikkje høyrt noko sers namn på veitla:

Di Samkomor

der ungdomen var mest for seg sjølv.

og berre sumaren.

80 Ja.

81 Gutane eller ein av dei fekk vita det og då kom dei då det leid på kvelden og hadde spelemann med seg

82 Der var mat og det var husbondsfolket som gav den. Det var sjølvsagt. og ein kunde som sådana rekna det som ein del av løni

83 Det var gjentene på garden og gjeni litt vedare.

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dett gjekk på omgang i grendi 

84

Ja. det var sotevekla om fredagskveldane.

85

Det var song, samtale, fortelgjing og etter at gutane kom var det dans

86

Ja det var gjistarehelg. Som regel 2 år helgi etter dei var flytte til fjellstølen, og det var ikring Olsokhelgi. Men det var ikkje berre for gutane. Gjentene på gardane i grendi var ogso med.

87

Ja dei hadde spelemann med. Det var mest dans, men ogso leik på stølsvollen. På Ruedal fjellstølen vart det 1880 åri bygt eit stort sal som endå kallast Nyasalet. Det var 2 bønder som bygde sali ihop. Dei hadde ingen vegg millom salstovene. Derfor vart det ei stor salstova. Der var det alltid dans om kvelden og utover natti. Dagen etter var det dans og leik på stølsvollen. På ruedal nedfor Gullringehaugen, ein gamal fin leikeplass med flott utsyn over Tefjadalen og fjell

14588

NORSK ETNOLOGISK GR...

ikring. Sundag var det
rjomegraut, spikekjøt og flatbrød
til mat – Gjestmatt
om sundag – so nonstider
reiste gjestene heimatt

88
Jonsokafta var ungdomen
samla på ymse leikeplassar
t.d. på Jonsoksletto, på
Sæberg, Håmannen eller
på danseplassen på Haugane
eller Lundaneshaugen
der dei leika, som og dansa.

89.
Dei drog stundom til fjells
til Kvanndalen for å finna
Kvanna.

90
Det hende dei rodde til
Kvanøy eller Aksnes=
holmane for å finna
måsegg

91
Dei samlast av og til på
dei stadene som e nemnde
på nr 88 og leika og dansa
før skyttarhuset vart bygd
i 1902 og ungdomshuset i
1927.

92
Det var aldri eldre folk
med for å passa på ungdomen
men det var gjerne litt eldre
med for å ha moro sjølve.

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10. 19

93
Ja dei samlast i tuni og prata og hadde gjerne nokre småsukkar
94
Det var ingen Jarnvegsstasjon i bygdi vår. Og fyre 1900 var det ikkje noko dampbåt som gjekk innom Øysteni på sundag. Men det hende etter 1900 at det var sundagsdamp. Då samlast ungdomen og såg på dampen. Dei stod i flokkar kvar for seg, men når dei gjekk derifrå var det gjerne so at nokre gutar slo lag med gjentane.

b. Om vinteren.

95
Ja. Det var sokeveitle om kvedagsklædane i vinterbeidi.
96.
Det tok tel om hausten i november og vara tel påskebeiden då utearbeidet tok tel.
97
Ja. det gjekk på omgang men ikkje etter noko fast reite. Det var dei

14588
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som baud til næste gong.

98

Nei. det kan eg aldri kaust gjete i vår bygd

99

Som nemnt før var det leik, moro. song og ofte dans tilslutt, då gutane kom.
„Stille moro" er eit uttrykk som høyr endå.

100.

Det hende av og til at det var dansemoro i ei stova. Det var einskilde bønder som let dei unge få dansa i stova si. Stundom var det ein husmann som var spelemann og so let han dei unge dansa i husmannsstova medan han sjølv spela hardingfela

101.

Ved ein vanleg dans var det ikkje mat.
Elles var det ikkje so stor rydding i stova. Det var å flytta burt til veggjene dei ting som stod på golvet

102.

Det var dei gutane som var mest huga å få dansen igong

103

Gutane betalte spelemannen Noko andre utlegg var det ikkje i dei vanleg dans.

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~Førsteblad~~ Blad 11

11

21

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av :

(adresse) :

Fylke :

Herad :

Bygdelag :

Gard :

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

104.
Nei, det var som før

105
I kjelkebakken møttest dei ofte. Ogso på isen på skeissing.
Før 1910 var det lite ski = skiing med gjentene.

106
Nei det var ingen konbal. Kven som ville kunde vera med

107
Nei

108.
Kjenner ikkje tel noko skilnad.

109
Det var i tilfelle religiøse.

110
Ja som oftaste

IV Julehåd

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

111 – 127.

Dette kjenner eg ikkje noko til. Men eg hugsar som smågut i 1890 åri at tenestgutane tala om noko sovore seg i millom, men eg fekk ikkje tak i det slik at eg minnest noko no.

128

Ja i Skatåret rekna alle med at gutane hadde lov å fria

129

Ja det har hendt i Skatåret og andre tider. Eg kjenner til at kona på fjellgarden Blekel døydde. Mannen måtte straks få kvinnfolkhjelp. Han fekk tak i ei halvgammal gjenta Brita Steine. Då kona var vel komi i jordi på kyrkjegarden so sa ho til husbonden at no fekk han antan gifta seg med henne eller so reiste ho.

Han tagg no litt på det. Fekk no tenkja på det og 6 vikor etter fyrste kona døydde stod han brudgom med Brita Steine som brur.

Det har vore liknande tilfelle men det gjekk ikkje so fort

11-10-1959

14588

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING